

Tilhøvet millom by og land hev endra seg mykje i dei siste 150-åri. Byane hev eksplandert, medan bygdene hev gjenge sterkt attende. Dette hev m.a. gjeve seg uttrykk i store flyttestraumar frå bygdene inn til byane på 1950- og 1960-talet. I Bergen og omlandet kann ein slå fast at denne almenne tendensen kann ettervisast her. Men det er like vel verd å gå ned på detaljplan å peika på korleis Bergensområdet og Hordaland Fylke hev vorte påverka av samfunnsvoksteren. Eg vil kringa mykje um domingi av storkommunen Stor-Bergen i 1972. Bergen kom inn i Hordaland fylkeskommune på same tid. I dei siste 25-åri kann me slå fast at byane ikkje hev hatt serleg tilflytting frå bygdene. Ein kan spyrja seg kvifor bygdene hev vist seg å ha mest lik so stor livskraft som byane i dei siste 25-åri? Eg skal kasta ljós på denne problemstillingi med å visa til folketalsutviklingi og den økonomiske politikken som nev vorte førd i Bergen og på Sotra. Det er serleg den statlege næringspolitikken eg vil gjera eit midtpunkt av i denne oppgåva.

Det verkar opplagt å tru at det som gjekk til i Bergen og Hordaland fyrr og etter 1972 hev samanheng med einskildumråde som busetnad, samferdsla, næringsliv og sosial mobilitet. Men det er ikkje nok berre å peika på omskifte innanfor desse områdi. Det er òg grunn til å sjå nærmare på t.d. kommunale tilmåtingsstrategiar. Oddbjørn Buvke hev undersøkt kommunale tilmåtingsstrategiar m.a. på 1960- og 1970-talet. Han etterviser at det vart lettare for små kommunar å trekka til seg næringsysslar på 1970-talet og serleg på 1980-talet. Det hev vore statleg politikk å yverföra meir andsvar til kommunane i næringspolitikken. Denne kommunale endringi kann kanskje hanga saman med at Bergen hev vorte og er underlagd dei offentlege prosessane som ligg til staten og dei einskilde småkommunane i Hordaland og fylkeskommunale planleggjingsstrategiar. Etter 1972 hev det kannhenda vorte vanskelegare for Bergen-kommune å hevda seg andsynes umlandet.

I oppgåva vil eg nytta uttrykket Stor-Bergen både fyrr og etter 1972. Med Stor-Bergen meiner eg det som vart Bergen-kommune etter 1972. Når eg berre skriv Bergen tenkjer eg nesten alltid på det som til kvar tid vert kalla Bergen kommune. Bydelane Fana, Laksevåg, Åsane og Arna var eigne kommunar fyrr 1972, men etter 1972 hev me fenge eit meir omfattande syn på Bergen. Omlandskommunane hev vorte ein del av Bergen. Difor kann ein kjenne trøng til å understreka tilknytingi til Bergen fyrr 1972. Elles vil eg umtala Åsane, Arna, Láksevåg og Fana som umeignskommunane eller umlandskommunane.

BERGEN OG STOR-BERGEN 1945-1970

I perioden millom 1900-1946 spreidde folketalsvoksteren innanfor Stor-Bergen seg jamt millom det upphavlege Bergen og kommunane umkring byen. Folketalet i Bergen vaks med 33.500 innbyggjarar, medan folketalet i kommunane Fana, Laksevåg, Askøy og Åsane gjekk fram med 28.000 innbyggjarar, ¹. I etterkrigstidi skulde det verta onnorleis. I 1945 var Bergen prega av bustadnaud. Bustadnaudi føerde til at 2700 sokjarar fekk ein sjølvstendig eller millombils-bustad, ². Grønlie ³ syner ein taluppsett yver folketalsvoksteren i umeignskommunane millom 1946 og 1970. Det er serleg tri kommunar som veks mykje. Det er Fana, Laksevåg og Åsane. Millom

1946 og 1970 gjekk folketalet i Fana opp med umlag 24 000 innbyggjarar. Laksevåg auka i same perioden folketalet sitt med umlag 11.500 og Åsane auka med umlag 12 000 innbyggjarar. I denne perioden fra 1945 til 1970 var folketalet i det upphavlege Bergen-sentrum i ein veik nedgang. Bergen fekk vida ut grønsone i 1955, men ikkje ein gong innlemingi av Fyllingsdalen kunde yta vederlag for den sterke busetnadssamlingi i umeignskommunane. Men ser også at umlandskommunane aukar folketalet, medan Bergen kommune ikkje hev nokon folketalsvokster å bry seg med. Det ser ut til at bustadnaudi som prega Bergen like etter krigen løyste seg ved at folk flytta ut av Bergen-sentrum.

På same tid som busetnaden vaks i grønnekommunane, betra samferdsla mellom Bergen og umlandet seg mykje. Innfartsårene til Sentrum vart utvikla gjennom bruer og tunnelar. Puddefjordsbrui, Løvstakkstunnelen og Eidsvågstunnelen er gode døme på gjeremål innan vegferdsla i umrådet kring Bergen. Umlag på midten av 1960-talet byrja dei gamle båtane til umråde i Nordhordland å verte avløyste av ferjedrift. Dei gamle båtane som frakta folk sjøvegen vart tildekkande for dei som skaffa seg privatbil, og det vart kortare reisetid med buss for dei som ikkje hadde eigin bil. Ei av dei største nyvirningane i samferdsla etter 1945 var truleg massebilsismen. I 1959 hadde Bergen 60 bilar per tusen innbyggjarar. I 1969 var dette talet nærmast tridubla til 175. 1. bilar per tusen innbyggjarar*. Grønlie* peikar på at fyrr og like etter 1945 låg arbeidstadene tett opp til bustadene til arbeidstakarane. Han viser sameleis til at 60 prosent av arbeidstakarane hadde 20 minuttar gangtid eller mindre til arbeidet. I 1960-åri reiste kvar innbyggjar i Bergensregionen jamt over 5,1 kilometer når han skulle til arbeid.

I 1945 var det varerasjonering og handelen i Bergen hadde ingen merkande auke fyrr ut på 1950-talet. På 1960-talet gjekk handelen attende att. Sysselsetjingi innanfor sjøfarten gjekk også attende etter kvart på 1960-talet. Industrien i Bergen gjekk fram inntil tidleg på 1960-talet. Samstundes med at industrisysselsetjingi gjeng attende i Bergen frametter på 1960-talet, kann man spora ein framgang i umlandet. Mellom 1954 og 1969 gjekk talet på sysselsette i Bergensindustrien ned med meir enn 1000 arbeidstakarar. Umlandet aukar sysselsetjingi fra 1954 til 1969 med umlag 3000 arbeidstakarar i industrien. Gjennom heile perioden fra 1945-1970 auka talet på offentleg tilsette. På slutten av 1950-talet hadde industrien eit yvertak på 4000 arbeidsplassar*. I 1969 var like mange sysselsette i det offentlege som i industrien.

Det er ikkje lett å tenkja seg til nokon ein tydig grunn til at Bergen-kommune vart utvida i 1972. Mange i umlandskommunane hevda at dei greidde seg godt på eigi hand. Dei tykte det var viktig at dei sjølv kunde prioritere kvar utbyggjinger av bustader og verksemder skulle bera til. Dei frykta fjernstyring og utbyggjingspress innanfor ein stor-kommune. Arbeidarpartiet meinte derimot at store einingar ville gjeva gode høve for arealdisponering og langtidsplanleggjing. Bergen-kommune argumentera nok for storkommunen med umlag tilsvarande grunngjevingar som Arbeidarpartiet, men det var også eit viktig argument for Bergen-kommune at kommunen vart tappa for dei rikaste skatteyarane som flytta ut og busette seg i

umlandskommunane. Bergen Kommune og Arbeidarpartiet vann fram i dei offentlege avgjerdssprosessane, trass i motstand frå dei borgarlege partii.⁷

Ei viktig orsak til samanslåingi var nok dei sentrumsfunksjonane som Bergen rådde yver. Slike sentrumsfunksjonar kann knytast til t.d. skule og utdanning, frittid og underhaldning og varehandel. Med massebilismen vart dei lokale nettverki innanfor umlandskommunane lite viktige. Umlandskommunane hadde vore mykje undergjevne Bergen tidlegare. Dei vart det endå meir då det gjekk snoggare å reisa til Bergen-sentrum. Kvar gang ferdsleårene betra seg, vart sentrumsfunksjonane til Bergen meir tiltrekkjande. I ettertid hev ein sett at det hev vakse opp store lokale kjøpesentra som hev freista å take upp utviklingi med Bergen-sentrum, men slike kjøpesentra fanst ikkje fyrr 1970.

OFFENTLEGE AKTORAR OG NÆRINGSLIV

Næringsvoksteren i Stor-Bergen på 1950- og 1960-talet var prega av at verksemderne rasjonaliserte og umstalte seg.⁸ Berge Furre⁹ meiner at industrien greidde å umstella seg tollig bra i landsmålestokk på 1960-talet. Han peikar på fleire grunnar til dette. Det var m.a. god tilgang på arbeidskraft frå primærnæringane. I denne perioden kann me slå fast fråflytting frå Sotra-Oygarden-området.

I desse framgangsåri vart det lagd viktige velferdspolitiske mål. På 1950 og 1960-talet innførte ein statlege trygdeordningar. Viktige utjamningspolitiske mål var knytte til fylkeskommunen og einskildkommunane. Fylkeskommunen og kommunane skulde syta for at sosiale gode som undervising og helseverni, næringsliv og sysselsetjing skulde spreidast jamt millom kommunane. I dei fleste umråde førde dette til ei sentralisering. Tidlegare var Sotra-området prega av mange småsamfunn. Utetter på 1960- og 1970-talet fekk området eit meir samlande preg. Dei som budde på Sotra kom meir i beinveges kontakt både med kvarandre og med bergensarane. Sotrabrua som kom i 1972, korta sterkt ned på reisetidi til Bergen-sentrum. Furre¹⁰ slår fast at utviklingi mot fleire tettstader førde med seg at:

"I 1970 budde to tredalar av folket i byar og tettstader, ein million fleire enn i 1950. Dei kraftige strukturendringane omskapte bygda meir enn byen. Det tradisjonelle bygdesamfunnet vart radikalt omskipa både å sjå til og å leve". Kulturlandskap, busetjing, næringsliv var ikke i dryge skifte."

I dei siste 25-åri kann ein peika lauseleg på at folketalsvoksten i kommunar som Fjell, Sund, Os og Askøy er vel so stor som i Bergen. I perioden frå 1946 fram til 1970 var Stor-Bergen fullstendig dominante både i sysselsetjings- og næringssamanheng. Det same kann ein ikkje segja i dag. Folketalet i Fjell kommune auka med 265 mellom 1950 og 1960. Framgangen i denne tiårsbolken var knapt stort meir enn eitt årleg fødselsoverskot på mellom 25 og 30 personar per år. Frå 1983 fram til no på 1990-talet har folketalet auka med omkring 5500 personar i Fjell. Frå 1946 til 1970 auka

folketalet i Sund kommune med 145 personar. Frå 1970 til no i 1990-åri hev Sund kommune auka innbyggjartalet sitt med umlag 1400 personar. Millom 1973 og 1983 hadde Os og Askøy samla ein folketalsvokster på kring 10 000 innbyggjarar ¹¹.

Det er naturleg å setja dette umskiftet i samband med den statlege utjamnings- og næringspolitikken som er knytt til kommunar og fylke. Etter kvart som statlege velferdsmål vart nådde byrja staten å nytta kommunane og fylki til å halda uppe den spreidde busethaden. Men det er for lett å segja at det berre var statlege krefter som stod bak. Næringsdrivande føretak sekjer seg mot dei stadene der det er gagnleg å setja i gang med ei verksamhet. I tidbolken mellom 1946 og 1970 var det nok av tomteland innanfor Stor-Bergen, men seinare hev det vorte mindre land å byggja ut på. Dessutan må ein peika på dei teknologiske nyvinningane som hev gjort det lettare å etablera seg lenger og lenger undan Bergen-Sentrum.

I 1964 kom byane med i fylkeskommunen. Men storbyane Oslo og Bergen vart verande eigne fylke. Bergen kom inn i Hordaland fylke i 1972. Mot midten av 1970-åri hadde fylki fengse styringsorgan som var tufta på direkte val. Fylki fekk også eigen finansiering i form av direkte skattleggjring og fylki fekk eigen administrasjon. ¹² I dei siste 25 åri ser det ut til at denne framvoksteren hev vore med å jamna ut tilhøvi millom Stor-Bergen og øy- og bygdedistrikta umkring. Fylkeskommunen hev spela ei viktig rolle i vegbyggjungi saman med kommunane og staten. Det fylkeskommunale velferdstilbodet og den gode infrastrukturen som hev kome til hev gjort det meir attraktivt å bu i det som tidlegare var perifere strok. Men serleg viktig må det vel vera at kommunane hev vorte nytta som ein lekk i den statlege næringspolitikken.

DEN STATLEGE NÆRINGSOPPLIKKEN OG KOMMUNANE

På 1960- og delar av 1970-talet var det statleg politikk at kommunane skulde driva med planleggjring og tilretteleggjring. Kommunane skulle syta for tomter, vegar, energi, vatn og avlaupsanlegg. Men verksamhetsarena arbeidde stort sett med eigne næringstiltak alene. Dersom det offentlege greip inn i næringstiltaki, var det statleg finansierings- og rådgjevingsorgan som gjorde det. ¹³ Kommunane arbeidde med å trekka til seg næringssliv ved å leggja til rette for nye grunnleggjinger. Dette vert kalla akkvisjonsstrategi. Frå umlag 1978 vart tiltaksarbeid viktigare. Kommunane byrja å få hove til, og det vart venta at dei skulde byggja ut dei lokale resursane i den kommunen. Kommunen vart både organisator og verksamhetsstabilisator. Tiltakssektoren vaks ¹⁴.

På midten av 1970-talet vart det klart at det løyvd DU-midlar på ein uheldig måte. Dei mest fråflyttingsraka områdi fekk ikkje så mykje midlar som dei hadde krav på. Område som hadde ein aktiv industri og samstundes hadde gode kontaktar i statleg organ-kunde-han stor utteljing av DU-midlane, medan andre kommunar utan tilsvarende apparat hadde langt frå maksimal utteljing ¹⁵. Konklusjonen frå statleg hald var enkelt sagt at kommunane måtte velta meir aktive i næringsutviklingi sjølv. Mot slutten av 1970-talet og noko fram på 1980-talet hadde staten fleire prøveprosjekt i gang. Dør fekk kommunane etter måten frie hender til å driva næringplanleggjring. Mot

slutten av 1980-talet og utetter hev den kommunale næringsutviklingi vorte formalisert frå statleg hald. Kommunane må leggja fram planar for næringspolitikken m.v.

Bergen-sentrum hadde ei postiv industriutvikling fram til 1961³. Etter den tid var det umlandskommunane innanfor Stor-Bergen som hadde industrikonkurrans. Ein grunn til at umlandskommunane vaks var nok at Bergen-sentrum fungerte som ein tilflyttungsstad. Dei som kom frå landkommunane i Hordaland og flytta til Bergen, kom først til Bergen-sentrum seinare flytta dei ut i dei nye bustadområdi som vart reiste i umlandskommunane i Stor-Bergen. I Bergens Tidende for 23 februar 1993 legg avisas framtal som syner at sentrumsbydelane som jamt over høyre inn under Bergen etter 1972 har langt ferre sjølveigarar millom innbyggjarane sine. Det som idag vert omtala som bydelen Bergen-sentrum hev berre ein sjølveigarprosent på 50,1 prosent i dag. I marge bydelar hev me ein sjølveigarprosent på kring 70 prosent. Det er vel ikkje urimeleg å rekna med at det var eit liknande tilhøve millom Bergen-Sentrum og resten av Stor-Bergen i perioden fram til 1972. Ein kann kalla Bergen eit gjennomtrekksområde. Tilflyttarane kom til Bergen-Sentrum som leigetakrar. Når dei fekk betre råd reiste dei ut til bydelane og vart sjølveigarar. Men ein kann også tenkja seg at det var innfødde bergensarar som flytta ut, medan innflyttarane vart buande i sentrum. Både gjennomtrekksumrådetendensane og dei reine utflyttingstendensane hev vore viktige samfunnsdrag i Stor-Bergen.

Ein kann nok segja at Stor-Bergen var ei drivkraft når det galdt å dra seg innbyggjarar i den fyrste etterkrigstida fram til 1970. I ettertid hev folketalsutviklingi i Stor-Bergen stabilisert seg. Loddefjord som tidlegare låg under Laksevåg kommune hev rett nok haft ein etter måten stor folketalsvokster. Men Fana og Arna hev stabilisert seg, Åsane hev vaks med umlag 5000 innbyggjarar fram til tidleg på 1990-talet. Her må det takast atterhald for um dei gamle kommunegrensene samsvarar med bydelsgrensene i dag. Når det gjeld Fana legg eg saman tali for Ytrebygda og Fana. Hovudtendensen skal i alle fall vera klar nok ”.

SOTRA OG OLJA

I dag er Sotra ein moderne kommune med stor overvekt av innbyggjarar som er sysselsette innanfor sekundær- og tertiar næringane. Um ein gjeng 30-35 år attende er det eit heilt anna Sotra me kann tenkja oss. Lat oss illustrere dette med nokre tal. I 1960 arbeidde 31,6 prosent av innbyggjarane i Fjell kommune innanfor primærnæringane. I 1980 var det 4,8 prosent. Endringane i sekundærnæringane var små. I 1960 arbeidde 34,6 prosent av innbyggjarane i kommunen i tertiar næringane. I 1980 var talet 61,8 prosent. Tilsvarande tal for Sund kommune syner same tendensen, men endringane er noko mindre der. Tali frå primærnæringane er dominerte av talet på fiskarar. I 1960 utgjorde fiskarane 23,5 prosent av arbeidstokken. I 1980 var talet 3,1 prosent.

Fordelingi av tertiar næringane syner ein auke på 10 prosent innanfor sektoren tenesteytande service mellom 1970 og 1980. Varehandelen aukar med kring 6 prosent både i Fjell og Sund på Sotra. Men samferdslenæringi gjeng attende millom

tertiærnæringane ”.

Kommunane har operert innanfor ein statleg næringspolitikk. Rålevilkåri for næringslivet innanfor kommunane hev vorte regulert av staten på ymse vis. På slutten av 1960-talet og noko inn på 1970-talet vart det klårt at staten vilde koma til å vera innehavar av ei omfattande oljeverksemd. I fyrste umgang var det utanlandske selskap som dreiv leiteboring utan stort høll, men etterkvart kom det fram at oljeverksemdi vilde vera umfattande og at norske firma kunde koma til å spela ei sentral rolle innanfor geologiske undersøkningar, prøveboring og produksjon av olja. I tillegg til dette kom alle ringverknadene av olja. Oljeinstallasjonar skulde setjast opp, reparerast og holdast ved like. Dessutan kom all den tenesteytingi som trengdest innanfor m.a. bygg og anlegg.

I Hordaland vart det tidleg lagd planar for olje- og oljerelatert verksemd i Hordaland generelt. Fleire bergenske reidarlak, eit trygdelag og tre fyrstak i industrien var med i planleggjingsarbeid frå 1965⁶. Bergenske interessentar, BMW og J. Grieg var med på å kjøpa eit basesenter i Stavanger. BMW hadde dessutan tilknyting til Akergruppa som hadde arbeidd seg opp etter måten mykje kunnskap om oljesektoren alt den gongen. Frank Mohn vann tidleg ry som produsent av oljelensor, og AB-NERA kunde tilby teletelefonstør, og Westwing kunde tilby helikoptertenestor. Bergens industrigruppe A/S etablerte seg som kontakt- og samordnande organ for tolv verksemder innanfor høgst ulike bransjar. Bergen hadde eit allsidig industrimiljø kring 1970. Byen hadde ei rik tilknyting til skipsfart. I tillegg til dette hadde byen eit breidt forskings- og utdaningsmiljø med relevant kompetanse for oljesektoren.⁷ Alt dette gjorde at Bergen-kommune hadde store vører til oljeutvinning i Nordsjøen.

Umkring 70 firma hev etablert seg på Agatnes-terminalen på Sotra frå midt på 1970-talet og fram til i dag. Ordføraren i Fjell kommune Ole G. Fredheim meiner at basen hev vore drivfjør for voksteren i den lokale næringsverksemdi. Basen hev drege nyt næringssliv til kommunen. Basen ligg strategisk til. Avstanden til Bergen og til Oljefeltet er stutt,⁸. Det er vel ikkje unaturleg å tenkja seg at Sotra-området hev haft gode høve til å manøvrera innanfor den offentlege næringspolitikken. Avkastingi på nyinvesteringar hev truleg lokka mange verksemder til Sotra, og kommunane hev haft full utteljing innanfor dei rålevilkår dei hev fenge.

Det kann hevdast at Bergen trass i alt hev vore ei drivkraft i næringsvoksteren på Sotra. I stor utstrekning må ein rekna med at det er bergenske fyrstak som hev etablert seg på Sotra. Den statlege næringspolitikken og kommunane hev ikkje kunna hindra at bergensarane hev greidd å taka til seg mange viktige funksjonar. Bergen hev haft eit aktivt forskingsmiljø med viktige fagkunnskapar om petroleumsindustri og bergenske verksemder hev profitert på den oljerelaterte verksemdi. Dessutan finst det vel etter måten mykje oljerelatert verksemd innanfor Bergen. På den andre sida er det grunn til å understreka at kommunane på Sotra hev haft jamt sterkare høve til å drive aktiv næringspolitikk dei siste 20-25-åri. Oljebransjen hev vore so ny at Bergen ikkje hev haft høve til å vera eit knutepunkt slik som byen tenkte seg i

utgangspunktet. Kompetanseutvikling i innanfor verksemndene i Stor-Bergen hev vel i fleire tilfelle vore styrd meir av oljebransjen sjølv enn av innspel frå næringslivet i Stor-Bergen. Kommunane på Sotra hev greidt å samla eit fagmiljø med høg kompetanse på svært kort tid. Kommunen hev kunna spela ei samordnande rolla millom dei ulike verksemndene. Verksemndene hev truleg hatt sterre interessa av å samordna seg innanfor Sotra enn av å samordna seg med næringslivet i Stor-Bergen.

Men trass i dette er det ei kjensgjerning at Stor-Bergen og resten av Hordaland er ein del av det oljerelaterte næringslivet på Sotra. Gjennom fylkeskommunen kann heile Hordaland vera med å påverka den statlege oljepolitikken i fylket gjennom tilrådingar av planar og upplegg for oljeverksemdi i fylket. Det oljerelaterte næringslivet er heller ikkje berre knytt til Sotra. NUTEC-senteret på Laksevåg og Frank Mohn-anlegget for oljelensor i Fusa-kommune er berre eit par døme på fylkeskommunale dimensjonar av oljeverksemdi. Mongstad-anlegget i Nordhordland hev dessutan vorte eit nytt tyngdepunkt for oljeverksemdi i dei siste 5-10-åri.

AVSLUTNING

Det er ikkje råd å gjeva noko heilt eintydig svar på om Bergen hev taft status som pressumråde etter 1972. Når det gjeld Sotra ser det likevel ut til at kommunen hev hatt høve til å føra ein sjølvstendig og samordnande næringspolitikk. Kommunen hev ein samordningskompetanse som ikkje utan vidare kunde ha vorte overført til Bergen. Sotra-området og andre umlandskommunar til Stor-Bergen ser ikkje ut til å dra til seg mange rike skatteytarar frå Bergen. Dette var eit viktig argument for innlemming av det som var umlandskommunar innanfor Stor-Bergen i 1972. Storkommunane vert heller ikkje prioritert i like stor målestokk som tidlegare. Styremakterne hev gjeve dei små kommunane betre høve til å driva næringsplanleggjiring. Ein kann vel segja at kommunane på Sotra framleis hev eit godt arealgrunnlag samanlikna med Stor-Bergen, og det gjev gode vilkår for å trekka til seg nye verksemder. Velferdstilbodet og infrastrukturen på Sotra er betre enn i dei fleste umlandskommunane innanfor Stor-Bergen før 1972 (kanskje med unntak for Laksevåg). Men likevel kan ein vel sjå minst ein jamlikskap mellom Arna, Åsane, Fana og Laksevåg fram til 1972 og Sotra i dag. I bætte tilfelle vert sentrumsfunksjonane til Bergen viktigare i takt med dei nye kommunikasjonane. Utfrå dei tilhøve som denne oppgåva hev analysert kann mykje tala for at Bergen i etter måten stor grad hev hatt vanskelagare for å hevda seg andsynes omlandskommunar som Sotra i dei siste 20-25-åri.

1. Gerhard Meidell Gerhardsen, Tore Rødsæth, Einar Hope og Eilif Åsbo, Bergen i Perspektiv, Bergen 1970. Jens Chr. Hansen s. 42.

2. Grønlie Tore og Fossen Anders Bjarne, Bind 4 av Bergen Bys historie, Byen sprenger grensene, 1985. Grønlie s. 580.

3. ibid, s. 514

4. ibid, s. 623.

5. ibid s. 624
6. ibid, s. 759
7. ibid, s. 950-953
8. ibid, s. 678
9. Furre Berge, Vårt Hundreår, Oslo 1991, s. 298.
10. ibid, s. 301
11. Statistisk Fylkeshefte 1973 s. 48-50
Statistisk Fylkeshefte 1983 s. 43-44
Bergens Tidende 15 oktober 1995
12. Danielsen, Dyrvik, Grønlie, Helle, Hovland, Grunntræk i norsk historie, Oslo, 1991. Grønlie Tore s. 334
13. Buvke Oddbjørn, Lokal Utviklingspolitikk ?, Oslo, 1994, s. 26-27
14. ibid
15. ibid, s. 64
16. Bergen bys historie j.m.f. ovanfor, s. 659.
17. Tal fra ei artikkelrekka som gjekk i Bergens Tidende i 1993, m.a. Bergens Tidende 23 og 26 oktober og 2 og 6 november.
18. Jan Helge Lie, Bymann og Stril, Bergen, 1986, hovedoppgåva, m.a. s. 48,
19. J.m.f. Stortingsmeldingar nr. 76/1971 og nr. 95/1970, sitert frå, Bergen Kommune, Bergen i bildet før Oljen, Bergen, 1972.
20. Bergen Kommune, Bergen i Bildet før Oljen, 1972.
21. Bergens Tidende, 28 oktober 1995